



Varme AS
Postboks 20 Kristianborg
5822 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2051 - 19/23022

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
08.11.2019

Godkjenning - løyve til oppføring av utskifting av stålpipeline - gbnr 9/89 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 268/2019

Tiltakshavar: Jarle Sleire
Ansvarleg søkjar: Varme AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om utskifting av stålpipeline til bustad på gbnr 9/89 Hjertås.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.10.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen er 3 veker frå denne datoen.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Meland kommune er definert som byggeområde for bustad.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Administrasjonen kan ikkje så at det er trong for nabovarsel ved innvendig installasjon i bustaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 22.10.19. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for utskifting av stålpipen til bustad på gbnr 9/89 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med søknaden, motteke 22.10.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for installasjon av pipe skal søkjast om før tiltaket skal takast i bruk.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

